

KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY

NR. 5 • NOVEMBER 2015 • 40. ÅRGANG



Bornet i krybba

«Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johs. 1:14).
Biletet viser den komande julekrybba i Hosanger kyrkje,
laga av Arne Askeland.



Møt dei med nestekjærleik

Side 6-7



Ny drakt på gamal kyrkje

Side 17



Kristendomen kom frå havet

Side 10-11

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret ved Rådhuset: Åpen alle dager;
mandag til fredag, kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80

Epost: kyrkje@osteroy.kommune.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Tilsette:

Kyrkjeverje Edvin Stenhjem Bratli,
tlf. 56 19 22 80 / mobil 980 67 960

Sokneprest Tom Sverre Tomren
tlf. 56 19 22 82 / mobil 900 49 696

Sokneprest Inge Sørheim
tlf. 56 19 22 83 / mobil 906 20 046

Seniorprest Arvid Fosse, tlf. 41652363

Organist Per Inge Hove
tlf. 56 19 22 93 / mobil 976 57 481

Organist Baard Eikaas
tlf. 56 19 22 84 / mobil 936 72 224

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad
tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

Kontormedarbeidar Ruth Hauge
tlf. 56 19 22 86

Soknerådsleiarane for 2015 - 2019

Jenny Eikeland (Hamre)
Wenche Fiskeseth (Bruvik)
Geir Atle Mjelde (Haus)
Jan Hanstvedt (Hosanger)
Reidun Vevle (Gjerstad)

KYRKJEHELING

Kyrkjelydsblad for Bruvik sokn, Gjerstad sokn,
Hamre sokn, Haus sokn og Hosanger sokn.

Stoff til neste nummer kan sendast til :
kyrkje@osteroy.kommune.no

Ny kontakt for Kyrkjehelsing: Edvin S. Bratli.

Neste nummer av Kyrkjehelsing kjem ut
torsdag 28. januar.
Redaksjonen avsluttast fredag 15. januar.
Leveringsfrist for stoff: Fredag 8. januar.

Layout og trykk: Molvik Grafisk

Trusopplæring på Osterøy

Kyrkjelydane våre har ei rekke gode tilbod for barn i alle
aldrar, frå babysong for dei minste til Kode B for
11-åringane.

AV TRUSMEDARBEIDAR HELGA ASKELAND MJELSTAD



4-ÅRSBØKER: I Hamre og Hosanger fekk 4-åringane tilbod om 4-årsbøker
allereie i september, mens 4-åringar i Bruvik, Haus og Gjerstad sokn får
bøkene sine i oktober.

Arrangementa er opne for barn i aktuell alder. Invitasjon blir sendt
ut til dei som er registrerte som medlemmer eller tilhøyrande i Den
norske kyrkje. Andre interesserte blir oppmuntra til å følgja med på
kyrkja si nettside. Informasjon og påmelding finn du på www.osteroy.kyrkja.no.

Ny babysong-rekord

Denne hausten har me sett ny rekord i deltakartal på babysong.
Onsdagar kl. 12 møtest babyane vekselvis i Gjerstad kyrkje og i
borgstova på Hamre. På ei samling var 15 babyar med foreldre
samla. Nokon ser kanskje for seg mykje leven og støy når dei les
dette talet, men undertekna kan forsikra om at det heile går
fredeleg for seg.

Det er ei flott oppleving å vera saman med desse små på golvet. På
babysong deltar foreldre og babyar i eit songprogram med tilpassa
aktivitetar. Når programmet er over, kan foreldra slappa av med
frukt, juice og ein god prat. Babysong er det første trusopplærings-
tiltaket barna får tilbod om.

Får møte den bortkomne sauen

Toåringane fekk tilbod om ei samling enten i Hosanger eller Haus
kyrkje i september. For toåringane er det spennande når vaksne og
barn kler seg ut som sauer og dramatiserer «Den bortkomne
sauen». Barna hjelper til med å leita etter det vesle lammet, Krølle,
som blir borte.



HEILT 1. KLASSES: Dette er ei markering av skulestart med fokus på at barna er heilt førsteklasses og elska av Gud.

Når Krølle er komen til rette, får barna gjera seg litt betre kjente i kyrkjerommet. Song og spel på rytmeinstrument høyrer med. Samlinga blir avslutta med eit måltid risengrynsgraut og utdeling av 2-årsbøker. Boka dei får, er laga av papir som kan tørkast av om det skulle bli litt søl.

Skattejakt for fireåringar

I Hamre og Hosanger fekk fireåringane tilbod om 4-årsbøker allereie i september, mens fireåringar i Bruvik, Haus og Gjerstad sokn får bøkene sine i oktober. Laurdag før gudstenesta er det eiga samling for fireåringane. Song, forteljing, skattejakt og tårntur står på programmet.

Pause med bollar og saft gir tid til ein hyggeleg prat for små og store. Etter samlinga laurdag kan barna ta med seg ny arbeidsbok heim. Søndag møter dei på gudstenesta, for å ta imot sjølve 4-årsboka. Då kan stolte søsken, foreldre og besteforeldre sjå og høyra fireåringane opptre framme i kyrkja.

Markerar skulestart

I august starta tilboda om trusopplæring i kyrkjene våre opp etter sommarferien med «Heilt 1. klasser» for seksåringar i



GYNGE LITTE GRANN: På babysong deltar foreldre og babyar i eit songprogram med tilpassa aktivitetar.

Hamre og Haus kyrkje. Dette er ei markering av skulestart med fokus på at barna er heilt førsteklasses og elska av Gud.

Song, aktivitetar, omvising og bibelforteljing står på programmet. I leikekroken bak i kyrkjene finn ein spor etter denne samlinga, for der heng noko 6-åringane har laga.

Overnatting i kyrkja

Eit av dei store trusopplæringstiltaka i Den norske kyrkja er Lys Vaken. I Haus og Gjerstad kyrkje får tiåringane (5. klasse) tilbod om Lys Vaken-helg, der barna førebur seg på adventstida ved å overnatta i kyrkjerommet.

Laurdagen kan barna delta i formingsaktivitet, song med bevegelse, kyrkjevandring heilt opp i tårnet, uteaktivitet og forteljing. Så er det tid for å finna soveposane. På søndagen deltek barna aktivt i gudstenesta, og dei får sitt eige nytestamente, Godt nytt.

Merk også at dei som blir 11 år i 2016 blir inviterte til Kode B fredag 5. februar. Dette er ein planleggingsdag, så elevane har fri frå skulen. Det er berre å gjera seg klar. Hugs påmelding!

Vigsling av ny gravplass

Søndag 25. oktober blei det nye gravfeltet på Hamre kyrkjegard vigsla av prosten i Åsane, Øystein Skaug.

Like etter gudstenesta gjekk vi i prosesjon opp til det nye feltet. Før ein kort tale av prosten, var det tekstlesing av sokneprest Inge Sørheim, kyrkjeverje Edvin S. Bratli og leiar i fellesrådet, Jenny Eikeland. Musikken til salmane sto Roald Berg-Hansen for.

Gravfeltet har plass til 200 graver og vil bli tatt i bruk alt i haust. Osterøy kommune har hatt ansvaret for utbygginga, som er utført av firmaet Vestafjell as.

E. S. Bratli.



Foto: Magne Kleppe



Inga jul utan konsertar

- **13. november kl. 19.30 i Gjerstad kyrkje:** Konsert med Marianne Juvik Sæbø (song) og Vidar Eldholm (piano).
- **18. november kl. 19.00 i Haus kyrkje:** Kveldstonar. Konsert med Per Inge Hove (harmonium), Karoline Wallace (song) og Baard Eikaas (orgel).
- **19. november kl. 19.00 i Hamre kyrkje:** Kveldstonar. Sjå over.
- **25. november kl. 19.30 i Gjerstad kyrkje:** Konsert med strykegruppa Reppen og Baard Eikaas.
- **29. november kl. 18.00 i Haus kyrkje:** Konsert med Linda Fosse.
- **1. desember i Haus kyrkje:** Konsert med Kulturskulen.
- **3. desember kl. 19.00 i Hosanger kyrkje:** Konsert med Osterøykoret.
- **6. desember kl. 18.00 i Haus kyrkje:** Konsert med Osterøykoret.
- **10. desember i Hosanger kyrkje:** Konsert med Fotlandsvåg musikklag.
- **11. desember kl. 19.00 i Haus kyrkje:** Julekonsert med Haus musikklag.
- **13. desember kl. 17.00 i Bruvik kyrkje:** Lysmesse med konsert. Mellom anna speler Haus musikklag.
- **16. desember kl. 19.00 i Hamre kyrkje:** Julekonsert med Valestrand musikklag, Hjellvik hornmusikklag og strykegruppa Reppen.
- **18. desember kl. 19.00 i Gjerstad kyrkje:** Julekonsert med Osterøykoret og Osterøy janitsjar.
- **19. desember i Hosanger kyrkje kl. 18.00 og 20.00:** Konsert med Bjørn Eidsvåg (NB: Her bør ein kjøpa billett på førehand!)

Full oversikt finn du på heimesida til kyrkja:
www.Kyrkja.info

Livets gang



På sørsiden av Bruvik kirke med utsikt mot fjorden står to store bjørketrær. Eldre folk mener de frødde seg like etter krigen, andre mener de ble plantet på et senere tidspunkt.

Det er i grunnen uvesentlig. Saken er den, at mens det ene står der og vokser seg større og større for hvert år og formelig strutter av livskraft, viser det andre tydelige tegn på at noe

alvorlig er i ferd med å skje. Ikke bare er det mindre, det har begynt å miste grener, toppen er til dels råtnet bort og det er begynt å lute litt framover. Dette har foregått over lengre tid.

Likheten er slående. Enkelte av oss går gjennom livet uten en skramme mens andre får det ene trøkket etter det andre. Men vi gjør som bjørken, tviholder på livet. Nå skulle dette egentlig vise hvor langt vi er kommet med Prestenaustet her inne på Bruvik, men bildet taler så tydelig for seg. For øvrig er vi kommet i manko på heller med mål 73x73 cm. Skulle noen kunne hjelpe oss? Vennligst ta kontakt.

O. J. Steiner

Klar til innsats

Dei nye sokneråda er no klare, og Kyrkjehelsing kjem tilbake til presentasjonen av desse seinare.

Ei av dei fyrste oppgåvene deira blir å velje dei resterande tre leke representantane til Bjørgvin bispedømeråd. I dei fleste andre bispedøma blei alle lekfolksrepresentantane vald 13.-14. september. I Bjørgvin blei kun fire av syv medlemar vald. Innan 1. desember skal så medlemmane av de nyvalde kyrkjelydsråda avgje stemme på dei resterande i ein indirekte valomgang. Førebels er fylgjande lekfolksrepresentantar vald inn i Bjørgvin bispedømeråd:

- Nora Sætre Baartvedt, (21), Voss, student
- Karl Johan Kirkebø, (65), Bønes, marknadsdirektør
- Inger Helene Thingvold Nordeide, (54), Førde, sjølvstendig næringsdrivande
- Vemund Atle Øiestad, (67), Stryn, tannlækjar

NYE SOKNERÅD:

Det er no vald nye sokneråd, her representert ved det nye rådet i Bruvik.



Gleden ved å komme for sent

Det går mot slutten av november, og listen over alt du skal rekke før jul pisker deg innvendig like taktfast som det kalde regnet pisker deg utvendig. Et sted langt borte finnes det en drøm om langsomme adventsettermiddager med tente lys og god tid. Men først må du bare rekke barnehagen før den stenger, handle til helgen og ta en siste jobbtelefon.

AV BÅRD EIRIK HALLESBY NORHEIM

Men det finnes en fortelling som kan være en ledestjerne gjennom adventstiden. Som kan vise en annen vei fram til julen ringes inn. Det er fortellingen om den fjerde vismann.

En moderne legende

Denne fortellingen hvisker til alle som løper. Den hvisker til alle som haster mellom regnbyger, julebord og all verdens avslutninger: Kom for sent. Kom for sent. Kom for sent. Fortellingen om den fjerde vismann handler om gleden ved å komme for sent til jul.

Fortellingen om den fjerde vismann er en moderne legende skrevet av presten Henry van Dyke i 1892. Den forteller om den fjerde vismann, stjerneforskeren Artaban, som kommer for sent til møtet med de andre tre vismennene, Kaspar, Melchior og Balthasar.

Hjelper mennesker i nød

De tre vennene hans har allerede fulgt stjernen mot Betlehem, og Artaban haster etter dem med hesten sin. Han vil også finne kongebarnet som skal bli født. Han vil gi dette barnet sine dyrebare gaver. Men på

veien blir han hindret, og han rekker ikke fram i tide. Han tar aldri igjen vennene sine. Han kommer for sent. Fortvilet innser han at han har feilet.

Den fjerde vismann kommer for sent fordi han blir hindret av mennesker som trenger ham. På sin leting etter kongebarnet som skal bli født i Betlehem møter han mennesker i nød, mennesker som ber om hans hjelp. Han gir vann og pleie til en døende, han forsvarer et vergeløst barn, han hjelper syke og ensomme.

Oppdag julens hemmelighet

Legenden vil fortelle oss at det er nettopp ved å komme for sent at den fjerde vismann oppdager kongebarnet som er kommet til jorden. At det er ved å komme for sent at han finner julens hemmelighet, Gud som blir menneske. I Matteusevangeliet kapittel 25 vers 40 sier Jesus: «Sannelig, jeg sier dere: Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg».

Det er advent. Den fjerde vismann hvisker til oss fra Betlehem. Kom for sent. Kom for sent. Kom for sent. Det er noen som trenger at du kommer for sent. Slik at du kan oppdage julen på nytt.



VISMENN FRA ØST: Den fjerde vismann, stjerneforskeren Artaban, kom for sent til møtet med de andre tre vismennene, Kaspar, Melchior og Balthasar. (Illustrasjon: «The Journey of the Magi» oljemaleri fra 1894 av James Tissot)

gi få

JULEGAVE!

UNIK GLASSKUNST med julemotiv laget for Det Norske Misjonsselskap av kunstneren Astri Vadla Ravnås.

Kr 1000,- per motiv gir kr 750,- direkte til misjonsarbeidet!

BESTILLING: www.nms.no/julegave
Tlf. 51 51 61 00 • info@nms.no



Det Norske
Misjonsselskap

Åpent brev til menighetene:



Møt flyktningene med gjestfrihet og nestekjærlighet

BARN PÅ FLUKT: Den norske kirke bidrar blant annet til at nær 100.000 syrere på flukt får et midlertidig trygt bosted i flyktningleiren Za'atari i Jordan. (Foto: British Foreign and Commonwealth Office)



Verden opplever nå en av de største humanitære katastrofer etter andre verdenskrig. I denne situasjonen må vi som kirke og samfunn gjøre det vi kan for å verne om liv og gi medmennesker beskyttelse.

Millioner av mennesker er på flukt. En del av dem har nå kommet hit til Norge, og det er ventet at det vil komme flere i tiden fremover. Den økende flyktningstrømmen opptar mange, og berører også menighetene. Kirkerådet ønsker å takke alle som engasjerer seg på ulikt vis. Engasjementet er av uvurderlig verdi.

Vi har allerede sett mange eksempler på gjestfrihet og nestekjærlighet, og det er vårt ansvar å ta medmennesker på flukt inn i våre fellesskap. Vi kan alle vise omsorg for dem som nå blir en del av vårt lokalmiljø. Det er samtidig viktig å forberede seg på at dette er en situasjon som vil vedvare, og vi

som kirke og menigheter vil møte ulike muligheter og utfordringer i tiden fremover.

Sentralkirkelig arbeidsgruppe

Kirkerådet har opprettet en arbeidsgruppe som skal kartlegge og holde seg oppdatert på situasjonen. Dette for å vite hvor man eventuelt skal sette inn tiltak og mobilisere nasjonalt og lokalt. På sentralt nivå samarbeider og koordinerer vi innsatsen med ti andre organisasjoner gjennom initiativet «Nasjonal dugnad for syriske flyktninger».

Flere bispedømmer har også nedsatt arbeidsgrupper og har kontakt med regionale myndigheter og organisasjonsledere. De tilbyr veiledning til menigheter, og kan holde fagdager og seminarer. Ta kontakt med diakonirådgiver i bispedømmet for detaljert informasjon og rådgivning.

Størst behov for hjelp utenfor Norge

Kirkens Nødhjelp er Den norske kirkes redskap ut i verden når det er akutt behov for nødhjelp. Derfor sender Kirkens Nødhjelp hjelp i form av mat, vann, tepper og hygieneutstyr til spesielt kvinner og barn. Men behovene er enorme. Derfor oppfordrer vi menighetene til å gi penger til Kirkens Nødhjelp eller til andre humanitære hjelpeorganisasjoner som jobber i Syrias nærområder og Europa hvor flyktningleirer er opprettet.

Gjennom en av verdens største bistandsorganisasjoner, Det lutherske verdensforbunds World Service, bidrar Den norske kirke blant annet til at nær 100.000 syrere på flukt får et midlertidig trygt bosted i flyktningleiren Za'atari i Jordan. Også gjennom Kirkenes verdensråd bistår vi der det trengs som mest, i nærområdene.

Gudstjeneste og forbønn

Det kan være ulike måter å inkludere tematikken på i gudstjenestesammenheng og menighetslivet. De fleste menigheter finner det naturlig å berøre tematikken under gudstjenestens forbønn, eller under prekenen.

Kirkerådet ønsker menighetene alt godt i det viktige arbeidet for flyktningene og ber med Britt G. Hallqvist (Bønn 184 i Bønnebogen):



LEDER FOR KIRKERÅDET: Jens-Petter Johnsen tiltrådte som direktør for Kirkerådet i 2006, og er tillagt ansvaret som øverste administrative leder av virksomheten i det felles sekretariatet for Kirkerådet, Mellom-kirkelig råd og Samisk kirkeråd. Kirkerådet er Kirkemøtets forberedende og iværksettende organ. (Foto: Kirkerådet)

*Kjære Herre, forbarm deg over alle flyktninger og heimlause.
Gjer oss takksame for det landet du har gjeve oss.
Gjer oss reiuge til å gje plass for dei som søker seg hit.
Fri oss frå fordomar og nasjonalt hovmod.
Når du vil gjera oss rikare i møtet med utlendingar,
hjelp oss då til å ta imot dei med eit ope sinn.*

Med vennlig hilsen
Jens-Petter Johnsen
Direktør for Kirkerådet

Brevet er noe forkortet

På flukt fra Syria

Flyktningkrisen berører alle, og dugnadsinnsatsen er til stede over hele landet. I Kirkens Nødhjelp er beredskapen og innsatsen på topp for å hjelpe medmennesker på vandring inn til et tryggere Europa.

TEKST OG FOTO: KIRKENS NØDHJELP

Apparatet er på plass til å hjelpe, men det må finansieres, og Kirkens Nødhjelp mangler midler til å gjøre det arbeidet de er rigget for. Dette er kritisk, og organisasjonen har stort behov for penger.

Tusenvis av mennesker på flukt fra krig og nød har akutt behov for hjelp. Derfor sender vi nå nødhjelp i form av mat, vann, tepper og hygieneutstyr til spesielt kvinner og barn. Men behovene er enorme, og våre partnere ønsker å gjøre mer. Derfor trenger vi at dere oppfordrer til aktivitet og innsamling.

Vi oppfordrer alle landets menigheter til å invitere lokalsamfunnet deres med på gudstjeneste og innsamling til flyktningkrisen. Fortell om Kirkens Nødhjelps arbeid med krisen. Ta godt i mot og lån gjerne ut våre bøsser til folk som vil samle inn til vårt katastrofearbeid. I denne akutte fasen er også det folkelige engasjementet

for flyktningene utrolig viktig. Menigheter oppfordres til å holde engasjementet oppe. Det er ikke behov for innsamling av klær og lignende, men hjerte for og tid til å hjelpe flyktninger betyr enormt mye.

Mer informasjon: www.kirkensnodhjelp.no



FLYKTER FRA KRIG OG NØD: Kirkens Nødhjelp møter flyktninger fra Syria, på flukt fra krig og nød, på vei mot håp og et liv i trygghet. Vi møter de på alle deres stopp på veien til Europa. Fra Syria og til deres ankomst ved Europas grenser.

Abbedissen begravelsesbyrå as



Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90

Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no

Bergen & Omegn

BEGRAVELSESHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Tom Wilson Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. BERGEN VEST
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Åsane Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Arna GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging ved
begravelse og bisettelser.

Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen



Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

Koba Christensen

BEGRAVELSESBYRÅ

125 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet • Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris • Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke
ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter,
løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207
55 31 80 01

Løiten Lys Bergen

*Løiten
Lys*

www.loiten-lys-bergen.no

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter



Alltid en
anledning!

**TOPPE
BLOMSTER**
- fra hjerte til hjerte

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00



TREseksten

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF.: 55 19 82 00

**Begravelsesbyrået for
byen og distriktet**

Solstrands

Begravelsesbyrå as
www.solstrands.no
post@solstrands.no

DØGNVAKT • 55 55 16 16

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av
VIRKE
GRAVFERD

Kleiveland A.S

Ur og Gull

www.kleivelanduroggull.no
Åsane Storsenter tlf 55191800
Øyrane Torg tlf 55240496



Noahs ark til Bergen

Når dette står på trykk, skal Noahs ark allereie ha lagt til ved kaien i Bergen. Her skal ho bli liggjande over vinteren, med dagleg opningstid kl. 09-18.

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

No er det ikkje den ekte Noahs ark som kjem, men ein moderne nedskalert versjon frå Nederland. Bak prosjektet står kunstnaren og tv-kjendisen Aad Peters, som har laga skipet som det første flytande bibelmuseum i Europa.

Forteljinga om Noah

Innvendig er det høve til å bli kjent med bibelske personar som paret Adam og Eva, sønene deira Kain og Abel, Moses og kongane Salomo og David. Meir informasjon finn du på nettstaden www.noasark.dk.

Den opphavlege forteljinga om Noahs ark finn du i Første Mosebok, kapittel 6-8. «*No vil eg la storflaumen koma over jorda og utrydda alt kjøt og blod, alt som det er livsande i under himmelen. Alt som er på jorda, skal omkoma. Men med deg vil eg oppretta ei pakt. Du skal gå inn i arka, du og sønene dine og kona di og svigerdøtrene med deg*» sier Gud til Noah (1. Mos. 6:17-18).

Gilgamesj-eposet

Verdas eldste skjønlitterære tekst, det sumerisk-babylonske Gilgamesj-eposet, har også med ei omtale av storflaumen. Her får me høyre om Utnapisjt («han som redder liv»), som

overlever ved at guden Ea ber han om å byggje en båt til seg, sin familie og sine vener. Mange trur at Utnapisjt og Noah er same person.

Dei amerikanske geologane William Ryan og Walter Pitman har lagt fram ein teori om at forteljingane handlar om ein anteken storflaum i Svartehavet rundt år 5600 f.Kr., då ein gigantisk tsunami sprengte seg gjennom det dåverande landfaste Bosporos-stredet i Tyrkia, og slik danna sprekken mellom Europa og Asia.



VITJAR BERGEN: Den nederlandske tv-kjendisen Aad Peters fekk ideen til eit flytande bibelmuseum i 2010. (Foto: Verhalenark.nl)

Nyttig verktøy for menighetsrådene

Kirkerådet og KA (arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter) kom i september ut med ny utgave av Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd. Denne boken er et viktig arbeidsredskap for medlemmer og varamedlemmer i menighetsrådene og kirkelig fellesråd.

Håndboken er utstyrt med et omfattende stikkordregister og tar for seg temaer som lokalt planarbeid, organisering av menighetsrådenes arbeid og forholdet til andre organer. Bakerst i håndboken gjengis kirkeoven, gravferdsloven og regler om rådernes virksomhet.

Boken kan bestilles fra Kirkerådets materiellekspedisjon eller lastes ned gratis som pdf. Mer informasjon: www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/for-medarbeidere/handbok-for-menighetsrad-og-kirkelig-fellesrad



Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd.
kl. 12-14.00

v/Lærerhøyskolen på Breistein,
Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

www.thk.no



Storverk om St. Sunniva



KLOSTERRUINEN PÅ SELJA: Legenden om den irske St. Sunnivas skjebne på Selja i Nordfjord forteller noe om hvordan kristendommen kom til Norge fra vest; over havet. Britiske benediktinermunker bygget senere et kloster på øyen, og Olav den hellige skal ha besøkt det på veien hjem fra England da han ville erobre Norge og videreføre Olav Tryggvasons misjon. (Foto: Kremlle/Creative Commons)

I Biskopshavn kirke arbeides det for tiden med et stort musikalsk prosjekt; verket «Må korsets tre slå rot - en musikalsk fortelling om Sunniva, Norges første helgen».

AV TONJE ERIKSEN ASKELAND
KANTOR I BISKOPSHAVN MENIGHET

Verket er skrevet av komponist Odd Johan Overøye og forfatteren og salmedikteren Eivind Skeie. Det skal fremføres av Biskant og Korskolen i Biskopshavn 27. og 28. februar 2016. Selv om det fremdeles er en stund til forestilling, pågår forberedelsene for fullt allerede. Det er mye å øve på og et stort apparat som skal settes i sving. Alt fra korister som skal kunne alt utenat til syersker som skal ta mål og lage kostymer.

Over hundre sangere

Det er første gang alle korene i Biskopshavn går sammen om et prosjekt av denne størrelsen, og vi ser virkelig frem til det! Foruten korene har vi med oss regissør Arne Pareli, som er utdannet sanger, sangstudenten Kaia Rullestad Teigen, som skal spille Sunniva, og tenoren Geir Danke Molvik, som skal spille den onde irske kongen.

Vi har også med oss dyktige musikere som sammen danner et syvmanns orkester. Biskant teller rundt 30 medlemmer og Korskolen har rundt 80 medlemmer, så til sammen er det i overkant av hundre sangere som er involvert i prosjektet.

Et musikalsk mesterverk

Musikalsk er det en perle av et verk. Odd Johan Overøye er til daglig komponist og førsteamanuensis ved NTNUs institutt for musikk. I dette verket baker han inn både irsk folkemusikk, klassisk, jazz og norske folketoner. Det er et musikalsk mesterverk fra start til slutt og alle kor som tidligere har fremført dette er fulle av begeistring,

Forfatter Eivind Skeie er en nestor innen norsk salmediktning, og har også vært tekstforfatter til utallige bibelspill og kirkemusikalske verk for både barn og voksne.

Legenden griper oss fortsatt

Dette verket er bestilt av barne- og ungdomskororganisasjonen Ung Kirkesang, og er det første i rekken av tre musikalske fortellinger om Norges helgener; St. Sunniva, St. Hallvard og Olav den Hellige.

Vi håper at mange vil ta turen til Biskopshavn kirke og få med seg denne spennende fortellingen om den unge og uredde Sunniva som for over 1100 år siden satte seg i en robåt et sted langs Irlands kyster uten å ane hvor ferden ville ende.

Hun visste heller ikke at hun kom til å være en av de første som kom til Norge med den kristne troen. Fortellingen om Sunniva har like sterk effekt på oss i dag som den hadde den gangen da den ble fortalt av øyenvitnene. Velkommen til forestilling!

Fakta

Sankta Sunniva og Selja

- Legenden forteller at St. Sunniva var en kongsdatter i et av de små kongerikene i Irland. En hedensk mann forsøkte å tvinge henne til å gifte seg med ham, noe hun nektet å gå med på.
- I stedet gikk hun og følget hennes om bord i tre båter uten seil og ror, slik at Den Hellige Ånd kunne blåse dem dit Han ville. To av båtene drev i land på øya Selja, rett sør for Stadt. Den siste båten landet på øya Kinn.
- Sunniva og følget hennes slo seg ned i en hule på Selja. Der levde de et enkelt og nøysomt liv og tjente Gud. Så beskyldte lokale bønder fra fastlandet det irske følget for å stjele sauene deres.
- Den norske Håkon Ladejarl tok med seg hærfolkene sine for å drepe de uønskede innvandrerne. Sunniva og følgesvennene hennes gjemte seg i hulen og bad Gud om at han måtte frelse dem. Da hørtes et voldsomt brak, og fjellet styrtet sammen over dem: De var blitt bønnhørt.
- Olav Trygvason lot hulen på Selja bygges ut som kapell og føyde en liten kirke til nedenfor (St. Sunniva-kirken som du ser ruinene av i dag). Menneskeknoklene de fant på øyen ble lagt i et skrin og en kiste ble tømret til den hellige Sunniva.

Kilde: Ragnhild Helena Aadland Høens blogg stasunniva.blogspot.no

BERGENS SKYTSHELGEN: St. Sunniva er skyts-helgen for Bergen og for Norge. Illustrasjon: Treskulptur fra et alterskap fra 1500-tallet i Austevoll kirke, nå på Bergen museum. (Foto: Nina Aldin Thune).




Kyrkja i tal

Ei samanstilling av tal ligg no tilgjengeleg for alle på kyrkja.no. Her har Kyrkerådet fått laga ei oversikt over kyrkjelege handlingar bispedømmevis og for heile landet sett under eitt.

Den norske kirke i tall erstatter den årlege tilstandsrapporten frå Kifo og tidlegare årbøker for Den norske kyrkja. I oversikten finn du altså tal for kyrkjelege handlingar som blir telt i alle sokn gjennom året.

Dei fleste tabellane går frå 2010-2014. Andre og eldre tal er tilgjengeleg i Statistisk sentralbyrås Kostra-database. Men dei lange linene i oppslutning om dåp, konfirmasjon, vigsel og inn- og utmelding er med; tala frå 1950 fram til 2014 er å finne i heftet.



STABIL KIRKJEBESØK: I denne tabellen kan du sjå kor mange som gjennomsnittleg deltok på gudstenester i perioden 2005-2014. Kjelde: Statistikkbanken SSB, tabell 06929.

Vinden fra vest

Den nye salmeboken har gitt oss flere vakre salmer. En av dem heter «Keltisk velsignelse», og er oversatt til norsk av Hans-Olav Mørk.

AV GEIR ENDRE KRISTOFFERSEN

– Fattige tiggermunker fra de britiske øyer satte seg i skinnbåtene sine og lot seg blåse dit Gud ville. Noen av dem havnet på Vestlandet. Med vinden og på nakne føtter kom evangeliet til Norge. Det kom med vinden fra vest, sier Hans-Olav Mørk, som leder Bibelselskapets seksjon for bibeloversettelse.

Gud på gata

– En sommer mens jeg jobbet som gateprest for Kirkens Bymisjon i Oslo, hadde vi med oss en praktikant fra England. Hun var med oss på gaten med sjelesorgtilbud og samtaler, forteller han. – En måneds tid etter at hun hadde reist fra oss, sendte hun meg en pakke med salmehefter og liturgier som ble viktige for meg.

Disse salmene og liturgiene kom fra et kristent fellesskap i Skottland. Flere i Bibelselskapet likte de keltiske salmene, og de fikk de oversatt. Dette ble til heftet «Sanger fra vest», og et år etter kom «Salmer på reisen». Det er her vi først finner Mørks oversettelse av «Keltisk velsignelse», som opprinnelig var en tradisjonell bønn ved starten på en reise.

Guds beskyttende hånd

Det vanskeligste med oversettelsen var siste linje, «and till we meet again, may God hold you in the palm of his hand». Løsningen ble å snu på rekkefølgen av leddene. – Jeg synes det vakre bildet med Guds beskyttende håndflate ble godt ivaretatt. Å sette «til vi møtes igjen» til slutt, passer godt med en norsk uttrykksmåte. Oppgaven var løst, teksten sto på egne bein, og slik har den også vandret ut i verden:

*Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord.
Og må Guds gode hånd verne om deg
til vi møtes igjen.*

(Norsk salmebok nr. 624)



SALMEOVERSETTER: – Sol, vind og regn blir Guds berøring på veien gjennom livet. Samtidig er Gud usynlig til stede med sin omsorgsfulle hånd, som veileder, trøster og verner. Å være omgitt av Gud på alle sider er et sterkt motiv i keltisk tro, sier Hans-Olav Mørk – her fra Kirkemøtet i 2012. (Foto: Kirken.no)

